

# INNERTIDENDE

7. årgang nr. 2 – oktober 2005

## Årsmøte

Årsmøte vert **fredag 28. oktober** kl. 19.00 på Sindre skytebane.

## Sakliste

1. Godkjenning av innkalling
2. Val av ordstyrar
3. Val av referent
4. Årsmelding 2005
5. Rekneskap 2005
6. Medlemskontigent
7. Val
8. Innkomne saker
  - Investeringar 2006 (m.a. Sauer)
  - Subsidiar

Frist for å melde inn saker til årsmøtet vert sett til **fredag 21. oktober**. Eventuelle saker må meldast skriftleg eller per epost til Jarle.

Leiar i valnemnda er Randi Bøe. Frist for å seie frå seg attval er **fredag 14. oktober**.

Styret vil fremje to nye saker under punkt 8:

## Jubileumsbok for skytterlaget.

Det er ønske frå mange om å lage ei jubileumsbok for skytterlaget, og vi har fleire som har skrive mykje stoff som kan nyttast i ei slik bok. Årsmøtet må ta stilling til om vi skal lage boka, og kvalitet på trykk.

Vi kjem til å legge informasjon om kostnader ved trykking av boka på heimesidene før årsmøtet.

## Jaktutval.

Styret har vanskar med å få på plass personar som kan ta seg av dei enkelte aktivitetane i laget. Jegercupen er eit arrangement som ligg i grensa mellom skytterlagsaktivitet og jeger og fisk, og som det har vore vanskar med hjelp.

Styret ønskjer at det vert oppretta eit jaktutval i laget, som har til oppgåve å finne folk til jegercupen og jegerprøver. Skulle det formodning ikkje lukkast å få til dette, må laget vurdere å kutte jegercupen neste år.

## Markane skytterlag – samlingspunkt gjennom 125 år

Skytterlaget vart skipa den 27. desember 1880, men for å få nytta det fine skytebaneanlegget på Sindre feira vi jubileet den 25. juni.

Om lag 130 personar, både bygdefolk og inviterte gjester, deltok på feiringa. Sjølv om det var litt kaldt vór såg det ikkje ut til å legge noko dempar på stemninga.

På programmet stod mellom anna gjenopning av 600 – og 800-metersholda, historisk attersyn ved Svein Sindre, og korleis våpen og antrekk har utvikla seg frå 1880 og fram til i dag.



Mellom mange høgdepunkt var utnemninga av æresmedlemene Peder Hatlelid og Odd Øen.

Det var også fleire av medlemene som fekk utmerkingar frå Det Frivillige Skyttervesen.



Andreas Solvik, Peder Hatlelid og Jan Øen fekk diplomar for stor innsats gjennom mange år, Peder fekk også DFS sitt skjold for innsatsen. Her saman med utdelarane, samlagsformann Rasmus Guddal til venstre, og leiar Jarle Tvinneim til høgre.

## Glimt frå jubileumsfesten



Rasmus Guddal og Peder Hatlelid løyste dei første skota på dei gamle 600- og 800 - metersholda



Frå mannekengoppvisninga.



Svein Sindre og Jon Kjøs framfor delar av sistnemnde si flotte bileteutstilling.



Formann i Fjordane landsdelskrets, Bjarne Haugnes, studerar våpenutstillinga

## Gruppebilete frå jubileet



**Skyttarlaget vil rette ei spesiell takk til alle funksjonærar som var med på å gjere festen til ei minnerik oppleving for oss alle!**

## Heimesidene

Skyttarlaget sine heimesider er godt besøkt. Adressa er: <http://markane.skytterlag.no>

På heimesidene finn du siste nytt frå laget, saman med anna medlemsinformasjon, biletесamling, historie og aktivitetar i laget. Sjølv om det kjem eit par *Innertidende*, oppmodar vi medlemmane om å nytte heimesida.

Kom gjerne med tilbakemeldingar på sida, Forumet kan nyttast til både ris og ros!

## Påmelding

Du finn innbydingar og info om stemne på heimesida vår og [www.skyting.net](http://www.skyting.net) . Kontakt Jarle dersom du ønskjer å vere med på stemne.

## Miniatyrskyting.

I samarbeid med skiskyttargruppa vil rekruttane starte miniatyrskyting i kulturhuset i oktober. For dei litt eldre tek vi sikte på å starte i november, og ha mandag som fast dag.

## Til slutt

Skyttarlaget vonar flest muleg kan delta på skytetreningane våre, og gjerne vere med på eit stemne eller fleire. Vi skulle gjerne hatt fleire aktive skyttarar i laget vårt!

**Vel møtt på årsmøte fredag 28. oktober!**